



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
80/25	Formannskapet	10.06.2025
74/25	Kommunestyre	18.06.2025

Planprogram for kommunedelplan for trafikktrygging

Samandrag:

Formålet med ein kommunedelplan for trafikktrygging er å få på plass eit strategisk verktøy for å utvikle transportsystema i Vanylven kommune. Dette for at folk skal kunne ferdest trygt som gåande, syklande og som reisande og bilistar.

Denne saka handlar om å vedta planprogrammet for planarbeidet. Eit planprogram skildrar vegen fram mot endeleg kommunedelplan, og er i korte trekk ei formell prosjektskilddring etter plan- og bygningslova. Saka vert lagt fram for råd og utval til orientering. Det er formannskapet som har avgjerdsmynde i denne saka.

Kommunestyre 18.06.2025

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

KO - 74/25 Vedtak

Planprogram for kommunedelplan for trafikktrygging blir lagt ut på høyring i ni veker.

Formannskapet 10.06.2025

Behandling:

Samrøystes tilråding som framlegget.

FO - 80/25 Vedtak

Formannskapet tilrår:

Planprogram for kommunedelplan for trafikktrygging blir lagt ut på høyring i ni veker.

Kommunedirektøren si tilråding:

Planprogram for kommunedelplan for trafikktrygging blir lagt ut på høyring i ni veker.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 10.06.2025 - 80/25

Formannskapet tilrår:

Planprogram for kommunedelplan for trafikktrygging blir lagt ut på høyring i ni veker.

Vedlegg:

250603 Planprogram for kommunedelplan for trafikktrygging
Trafikktryggingsplan
230509 Kommunenplanen sin samfunnsdel 2022 - 2040
250603 Antall ulykker i Vanylven frå TRINE
250603 Type ulykker alle år i Vanylven frå TRINE
250306 Nasjonal transportplan
250603 Nasjonale forventninger 2023-2027

Saksopplysningar:

I planprogrammet vert rammene for planarbeidet fastsett. Eit planprogram er eit eige arbeidsdokument, som ikkje må forvekslast med sjølve kommunedelplanen.

I planprogrammet er det gjort nærare greie for bakgrunn, formål, korleis ein tenkjer å legge til rette for medverknad i planprosessen, korleis planarbeidet skal organiserast og kva framdriftsplan ein legg opp til.

Offentleg ettersyn: I plan- og bygningslova § 11- 13 står det følgjande:

"§ 11-13 Utarbeiding av planprogram

For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1.

Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjerest elektronisk tilgjengeleg på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.»

Sidan planprogrammet blir lagt ut til offentlig ettersyn i sommar, vart det teke omsyn til ferietid. Fristen for å gi uttale blir difor sett til ni veker.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren viser til at trafikktryggingsplan skal rullerast i 2025 og legg med dette fram eit planprogram som kan leggjast ut for høyring i ni veker.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Trafikktryggingsplan er viktig for å førebyggje personskadar for trafikantar i Vanylven kommune.

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Trafikktryggingplan er viktig for å sikre barn og unge trygghet i trafikkmiljøet

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør